

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Møtestad:	Videomøte, Fjernmøte
Dato:	16.09.2020
Tid:	09:00-16:05

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknader
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Per Jarle Valvatne A	Medlem	A	
Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal	Medlem	A	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknader
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representere	Merknader
Gustav Bahus	Frank Willy Pedersen Djuvik	FRP	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Merknader

Skriftlege spørsmål, sakene SI 26-39/20, vart utsett.
 Referatsaker, sakene RS 48-55/20, vart utsett.
 Politiske saker, sakene PS 57/20 og PS 63-65/20, vart utsett.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 13/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 14/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 3. juni 2020	2019/149	
	Skriftlege spørsmål		
SI 26/20	Spørsmål frå Merkesdal (A) - Permanent omregulering for Ibsens gate til sykkel/gå/miljøgate	2020/203	
SI 27/20	Spørsmål frå Kristensen (H) - Servicelinjene	2020/203	
SI 28/20	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Tryggleik for bussjåførar	2020/203	
SI 29/20	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - kreative læringsplattformer på bybane-haldeplassane.	2020/203	
SI 30/20	Spørsmål frå Høgli (MDG) - aktuelt å innføre fleksible billetter i kolektivtrafikken?	2020/203	
SI 31/20	Spørsmål frå Hammer (SV) - til budsjettprioriteringer	2020/203	
SI 32/20	Spørsmål frå Hammer (SV) - status iverksetting prisreduksjon	2020/203	
SI 33/20	Spørsmål frå Helle (A) - Ferjesituasjonen på Fedje / Skuleskyss	2020/203	
SI 34/20	Spørsmål frå Høgli (MDG) - kostnadsoverslag bybanestrekningen Oasen - Spelhaugen	2020/203	
SI 35/20	Sørsmål frå Brosvik (KRF)- vedk. eierettar for dosjenæringa	2020/203	
SI 36/20	Spørsmål frå Valvatne (A) - utfordringane på RV 13 mellom Bjtveit og Kinsarvik	2020/203	
SI 37/20	Spørsmål frå Moland (H) - sikkerhet for bussjåførar	2020/203	
SI 38/20	Spørsmål frå Bjørkly (H) - Kan det settes opp flere avganger på linje 12 på dagtid	2020/203	
SI 39/20	Spørsmål frå Ekheim (Sp) - skilting for å unngå tungtrafikk til lakselakteria gjennom i bustadområda på FV 5004	2020/203	
	Referatsaker		
RS 48/20	Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Oversending av kommunedelplan for politisk handsaming	2020/56359	
RS 49/20	Sjåførtryggleik	2020/62284	
RS 50/20	E16 - E39 Arna - Vågsbotn - Klauvaneset (ringveg øst) - KDP med KU Referat fra møte 01/20 i referansegruppen 24.05.2020	2020/53140	
RS 51/20	Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19	2020/54817	
RS 52/20	Krav om KVU for arm til Bergen (E134) - signert opprop	2020/62567	
RS 53/20	Årsmelding - Straume sykkelby	2020/86	
RS 54/20	Årsmelding - sykkelbyen Førde	2020/86	
RS 55/20	Sykelbyen Stord - rapport 2013-2020	2020/86	
	Politiske saker		
PS 54/20	Planprogram til Regional transportplan 2022 - 2033 - Vedtak	2020/36671	
PS 55/20	Innbyggjarforslag om båtrute mellom Ågotnes og Bergen	2020/42341	
PS 56/20	Status og vegen vidare - Lokalbåtsambanda i Sogn og Fjordane	2020/35690	
PS 57/20	Status og vegen vidare - Ekspressbåtsambanda i Sogn og Fjordane	2020/35690	
PS 58/20	Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose	2020/60664	
PS 59/20	SAMO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20	2020/60738	

PS 60/20	Søknad om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur	2020/59884
PS 61/20	Søknad frå Boreal AS om ruteløyve for Bergen sentrum	2020/43023
PS 62/20	Søknad nr 2 frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum	2020/36722
PS 63/20	Søknad frå Fjord1 ASA om ruteløyve for strekninga Kinsarvik/Lofthus - Odda	2020/39345
PS 64/20	Søknad frå The Fjords AS om ruteløyve for strekninga Lofthus - Odda	2020/48820
PS 65/20	Søknad frå VY Buss AS om ruteløyve Bergen - Trondheim	2020/49853
PS 66/20	Administrativt innsparingsprogram	2020/62142
PS 67/20	Prioritering av gjenverande portefølje i Haugalandspakken	2020/62649
PS 68/20	Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024	2020/51083

Godkjenningssaker

GK 13/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Ettersending PS 68/20 vart sett på saklista.

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 14/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 3. juni 2020

Møteprotokoll frå møte 3. juni 2020 vart godkjend utan merknader.

Skriftlege spørsmål

SI 26/20 Spørsmål frå Merkesdal (A) - Permanent omregulering for Ibsens gate til sykkel/gå/miljøgate

SI 27/20 Spørsmål frå Kristensen (H) - Servicelinjene

SI 28/20 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Tryggleik for bussjåførar

SI 29/20 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - kreative læringsplattformer på bybane-haldeplassane.

SI 30/20 Spørsmål frå Høgli (MDG) - aktuelt å innføre fleksible billetter i kollektivtrafikken?

SI 31/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - til budsjettprioriteringer

SI 32/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - status iverksetting prisreduksjon

SI 33/20 Spørsmål frå Helle (A) - Ferjesituasjonen på Fedje / Skuleskyss

SI 34/20 Spørsmål frå Høgli (MDG) - kostnadsoverslag bybanestrekningen Oasen - Spelhaugen

SI 35/20 Spørsmål frå Brosvik (KRF) - vedk. eierrettar for dosjenæringa

SI 36/20 Spørsmål frå Valvatne (A) - utfordringane på RV 13 mellom Bjotveit og Kinsarvik

SI 37/20 Spørsmål frå Moland (H) - sikkerhet for bussjåførar

SI 38/20 Spørsmål frå Bjørkly (H) - Kan det settes opp flere avganger på linje 12 på dagtid

SI 39/20 Spørsmål frå Ekrheim (Sp) - skilting for å unngå tungtrafikk til lakseslakteria gjennom i bustadområda på FV 5004

Referatsaker

RS 48/20 Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Oversending av kommunedelplan for politisk handsaming

RS 49/20 Sjøførtryggleik

RS 50/20 E16 - E39 Arna - Vågsbotn - Klauvaneset (ringveg øst) - KDP med KU Referat fra møte 01/20 i referansegruppen 24.05.2020

RS 51/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19

RS 52/20 Krav om KVVU for arm til Bergen (E134) - signert opprop

RS 53/20 Årsmelding - Straume sykkelby

RS 54/20 Årsmelding - sykkelbyen Førde

RS 55/20 Sykkelbyen Stord - rapport 2013-2020

Politiske saker

PS 54/20 Planprogram til Regional transportplan 2022 - 2033 - Vedtak

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogrammet for Regional transportplan Vestland 2022 – 2033 slik det er vedlagt.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogrammet for Regional Transportplan Vestland 2022-2033 slik den er vedlagt, med følgjande endringar:

Pkt. 3.3

Kunnskapsgrunnlaget skal bestå av

-oppdatert kunnskapsgrunnlag for sykkel og gange i Vestland

Tillegg i pkt 4.1.2 Investeringstiltak (tillegg utheva) Basert på dette og dei korridorvise utgreiingane skal det utarbeidast lister over prioriterte prosjekt etter ulike kategoriar av tiltak som strekningsvise utbyggingstiltak, punktutbetringar og behov for møteplassar.

4.1.7. Viktige vegar for næringslivet Utfordringar Næringslivet er opptekne av føreseielege forhold for å kunne få sine produkt fram til mottakarane. I Vestland er næringar knytt til ressursane i havet og skogen i ei særstilling, og vegane til og frå hamner er difor særleg viktige.

4.1.8. Massehandtering

Formål

God massehandtering er ein viktig føresetnad for ein sirkulær økonomi, og god handtering av massar kan bidra til lågare klimagassutslepp dersom ein finn gode, lokale prosjekt som kan ha nytte av massane til dømes i bygge- og industriprosjekt. Masseforvaltning handlar også om masseunderskot.

Utfordring

Det er mange store utbyggingar av samferdsels- og infrastrukturprosjekt i Vestland som gir store masseoverskot. Desse massane bør nyttast til samfunnstenelege formål, ikkje berre at samferdslesprosjekt må løyse sine masseutfordringar.

Utgreiingsbehov

Regional transportplan skal utarbeide prinsipp og strategiar for korleis ein kan nytte overskotsmassar på samfunnstenelege måtar.

- Identifisere økonomiske og miljømessige gevinstar i utvikling av nye og betre alternative bruksområder.
- Bidra til gjenbruk av produserte overskotsmassar innanfor industriell verksemd.

Pkt 4.2.2 Kollektivtransport

Under utgreiingsbehov

-RTP skal utgreie ailke konsept for kollektivtrafikk på sjø, med vekt på utslepp, kostnader og andre samfunnsmessige konsekvensar. Blå bybane må utgreiast.

4.2.2 Utgreiingspunkt

- RTP skal greie ut kollektivstrategi for born og unge, samt andre grupper, som

ikkje har tilgang til eigen bil.

4.2.3 Utgreiingspunkt

- RTP skal vurdere behovet for fleksibel skuleskyss for elevar både i grunnskule og vidaregåande skule, slik at fritidsaktivitetar kan verte lettare tilgjengeleg.
- Skyss/Kringom sitt tilbod må bli betre tilpassa fylket sine eigne opplæringstilbod for elevar i vidaregåande skule.

4.2.4 Sykkel og gange

Utgreiingsbehov

-som del av RTP skal det utarbeidast ein sykkelstrategi for Vestland.

4.2.7 Fly

Endre setning «Av ikkje-statlege flyplassar i Vestland har vi Stord lufthamn Sørstokken» til Fylket er eigar av Stord lufthamn Sørstokken (21%) saman med Stord kommune (79%), som vert driven av Sunnhordland lufthamn AS.

4.3.1 Byveksttalen

Utgreiing

Ein gjennomgang av forskning på bruk og lokalisering av innfartsparkering må ligge til grunn for det vidare arbeidet med plassar for innfartsparkering knytt til ulike kollektivknutepunkt, td at innfartsparkering skal leggest utanfor sentersonene i Bergen, med unntak av Arna, jfr. Vedtak.

4.4.6 Utgreiingspunkt

Tillegg til nest siste kulepunkt: Herunder også greie ut, aleine eller i samarbeid med andre fylke, å innføre eigne standarder for fylkesveggar.»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tilleggsforslag nytt punkt 2 og 3:

2. Fylkesutvalet ber administrasjonen om arbeida for realisering av ferjeavløysingsprosjekt i Vestland som klarar finansieringa utan fylkeskommunale midlar. Dette med sikte på raskast mogleg oppstart av desse prosjekta. Dette arbeidet må gå parallelt med prosessen med ny RTP.

3. Saksordførar RTP, utvalsleiar SAMO og representantar frå administrasjon må snarast planleggja møte med departement og sentrale politikarar i Oslo for avklara nye signal for finansiering av denne ordninga, herunder «pukkeleffekt» mm.»

Trym Aafløy (FNB) sette fram slik protokollmerknad:

«FNB avventer tilleggsforslaget fra Krf m/fl. til behandling i fylkesutvalet.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag (utan punkt 4.3.1) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ei røyst (FNB).

Brosvik sitt forslag punkt 4.3.1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.mot 6 røyster (H, Frp og FNB).

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogrammet for Regional Transportplan Vestland 2022-2033 slik den er vedlagt, med følgjande endringar:

Pkt. 3.3

Kunnskapsgrunnlaget skal bestå av

-oppdatert kunnskapsgrunnlag for sykkel og gange i Vestland

Tillegg i pkt 4.1.2 Investeringstiltak (tillegg utheva) Basert på dette og dei korridorvise utgreiingane skal det utarbeidast lister over prioriterte prosjekt etter ulike kategoriar av tiltak som strekningsvise utbyggingstiltak, punktutbetringar og behov for møteplassar. 4.1.7. Viktige vegar for næringslivet
Utfordringar Næringslivet er opptekne av føreseielege forhold for å kunne få sine produkt fram til mottakarane. I Vestland er næringar knytt til ressursane i havet og skogen i ei særstilling, og vegane til og frå hamner er difor særleg viktige.

4.1.8. Massehandtering

Formål

God massehandtering er ein viktig føresetnad for ein sirkulær økonomi, og god handtering av massar kan bidra til lågare klimagassutslepp dersom ein finn gode, lokale prosjekt som kan ha nytte av massane til dømes i bygge- og industriprosjekt. Masseforvaltning handlar også om masseunderskot.

Utfordring

Det er mange store utbyggingar av samferdsels- og infrastrukturprosjekt i Vestland som gir store masseoverskot. Desse massane bør nyttast til samfunnstenelege formål, ikkje berre at samferdslesprosjekt må løyse sine masseutfordringar.

Utgreiingsbehov

Regional transportplan skal utarbeide prinsipp og strategiar for korleis ein kan nytte overskotsmassar på samfunnstenelege måtar.

- Identifisere økonomiske og miljømessige gevinstar i utvikling av nye og betre alternative bruksområder.
- Bidra til gjenbruk av produserte overskotsmassar innanfor industriell verksemd.

Pkt 4.2.2 Kollektivtransport

Under utgreiingsbehov

-RTP skal utgreie ailke konsept for kollektivtrafikk på sjø, med vekt på utslepp, kostnader og andre samfunnmessige konsekvensar. Blå bybane må utgreiast.

4.2.2 Utgreiingspunkt

- RTP skal greie ut kollektivstrategi for born og unge, samt andre grupper, som ikkje har tilgang til eigen bil.

4.2.3 Utgreiingspunkt

- RTP skal vurdere behovet for fleksibel skuleskyss for elevar både i grunnskule og vidaregåande skule, slik at fritidsaktivitetar kan verte lettare tilgjengeleg.
- Skyss/Kringom sitt tilbod må bli betre tilpassa fylket sine egne opplæringsstilbod for elevar i vidaregåande skule.

4.2.4 Sykkel og gange

Utgreiingsbehov

-som del av RTP skal det utarbeidast ein sykkelstrategi for Vestland.

4.2.7 Fly

Endre setning «Av ikkje-statlege flyplassar i Vestland har vi Stord lufthamn Sørstokken» til Fylket er eigar av Stord lufthamn Sørstokken (21%) saman med Stord kommune (79%), som vert driven av Sunnhordland lufthamn AS.

4.3.1 Byvekstavtalen

Utgreiing

Ein gjennomgang av forskning på bruk og lokalisering av innfartsparkering må ligge til grunn for det vidare arbeidet med plassar for innfartsparkering knytt til ulike kollektivknutepunkt, td at innfartsparkering skal leggast utanfor sentersonene i Bergen, med unntak av Arna, jfr. Vedtak.

4.4.6 Utgreiingspunkt

Tillegg til nest siste kulepunkt: Herunder også greie ut, aleine eller i samarbeid med andre fylke, å innføre egne standarder for fylkesveggar.»

2. Fylkesutvalet ber administrasjonen om arbeida for realisering av ferjeavløysingsprosjekt i Vestland som klarar finansieringa utan fylkeskommunale midlar. Dette med sikte på raskast mogleg oppstart av desse prosjekta. Dette arbeidet må gå parallelt med prosessen med ny RTP.

3. Saksordførar RTP, utvalsløiar SAMO og representantar frå administrasjon må snarast planleggja møte med departement og sentrale politikarar i Oslo for avklara nye signal for finansiering av denne ordninga, herunder «pukkeleffekt» mm.

Protokollmerknad Trym Aafløy (FNB):

FNB avventer tilleggsforslaget fra Krf m/fl. til behandling i fylkesutvalet.

PS 55/20 Innbyggjarforslag om båtrute mellom Ågotnes og Bergen

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek saka til orientering og syner til at fylkesutvalet har bedt om ei ny utgreiing av båtsamband mellom Sotra og Bergen.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek saka til orientering og syner til at fylkesutvalet har bedt om ei ny utgreiing av båtsamband mellom Sotra og Bergen.

PS 56/20 Status og vegen vidare - Lokalbåtsambanda i Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sin vurdering knytt til behov for dieselgenerator på fartøya og ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid legg til grunn bruk av hybride driftsløysingar.
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert innretta slik at miljøambisjonen knyt seg til heile rutepakka.
3. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannens vurderingar knytt til driftsoppstart for ny kontrakt. Fylkesrådmannen får derfor fullmakt til å kunngjere og inngå kortsiktig kontrakt for drift av sambanda i Rutepakke 2 for perioden 1. mai 2022 til 01.05.2024 med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år.
4. Fylkesutvalet tek saka forøvrig til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt pkt. 5:

Tildelingskriteria i Rutepakke 2 vektast slik;

40% Økonomi, avklarte statlige tilskudd skal inkluderes i vurderingen

30% Frekvens og regularitet (50%), kundekvalitet og reserveløsninger (50%).

30% Miljø og klimautslipp»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet viser til vedtak i november 2019 og ber om at rutepakke 2 vert lyst ut i tråd med det vedtaket, altså med med utlysning så raskt som mogleg og innfasing av nullutsleppsteknologi frå 2022 og seinast 2024.
2. (Opprinnelig punkt 1 i fylkesrådmannens forslag): Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sin vurdering knytt til behov for dieselgenerator på fartøya og ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid legg til grunn bruk av hybride driftsløysingar.
3. (Opprinnelig punkt 2 i fylkesrådmannens forslag): Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert innretta slik at miljøambisjonen knyt seg til heile rutepakka. »

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, FNB) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 7 røyster (A, MDG, SV, KrF) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (MDG, SV, Krf).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sin vurdering knytt til behov for dieselgenerator på fartøya og ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid legg til grunn bruk av hybride driftsløysingar.
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert innretta slik at miljøambisjonen knyt seg til heile rutepakka.
3. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannens vurderingar knytt til driftsoppstart for ny kontrakt. Fylkesrådmannen får derfor fullmakt til å kunngjere og inngå kortsiktig kontrakt for drift av sambanda i Rutepakke 2 for perioden 1. mai 2022 til 01.05.2024 med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år.
4. Fylkesutvalet tek saka forøvrig til orientering.

PS 57/20 Status og vegen vidare - Ekspressbåtsambanda i Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid med ny driftskontrakt for Rutepakke 1 legg til grunn modellalternativ E, det vil seie bruk av ein mellombels driftskontrakt, ein designkontrakt og ein etterfølgjande nullutsleppskontrakt.
2. Fylkesutvalet presiserer at vedtakspunkt 1 føreset at fylkeskommunen oppnår økonomisk støtte frå verkemiddelapparatet.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid med ny driftskontrakt for Rutepakke 1 legg til grunn eit modellalternativ 0, det vil sei eit konvensjonelt og teknologinøytralt anbod.

Tildelingskriteria i Rutepakke 1 vektast slik:

40% Økonomi, avklarte statlege tilskot skal inkluderast i vurderinga
30% Frekvens og regularitet (50%), kundekvalitet og reserveløysingar (50%)
30% Miljø og klimautslepp”

Hanne Eva Kristensen (H) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

Punkt 1

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid med ny driftskontrakt for Rutepakke 1 legg til grunn modellalternativ E2.”

Arve Helle (A) sette på vegner av A, Sp, MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Utsetjing:

Saka vert utsett til neste møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet 23. september.»

Avrøysting utsetjing

Helle sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H og FNB).

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet 23. september.

PS 58/20 Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

kr 1 000

Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300
Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000

Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400
Sum vegar	125 197
<hr/>	
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
<hr/>	
Sum investeringar	-56 803
<hr/>	
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803
<hr/>	

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettendring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

	kr 1 000
Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300
Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400
Sum vegar	125 197
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
Sum investeringar	-56 803
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettendring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

PS 59/20 SAMO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20

Forslag til uttale

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2021.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021- 2024.
3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert budsjett for sektoren mobilitet og kollektiv fordelt på løyvingnivå og med innarbeidde salderingstiltak.
4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert budsjett for sektoren infrastruktur og veg fordelt på løyvingnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til presentert opplegg for driftsbudsjett for 2021 og investeringsbudsjett for 2021-2024 og har følgjande uttale:

Hovudutvalet meiner at den årlege statlege fergekompensasjonen (jfr. Kommuneproposisjon) gjer handlingsrom i driftsbudsjettet. Utvalet meiner at følgjande føringar må leggest til grunn for vidare arbeid:

- Ingen takstauke utover prisvekst på buss og bane
- Frekvens på buss/bane fra 2020 til 2021 må aukast jfr. Byvekstavtalen
- Ungdomskortet vert oppretthalde og ein ventar på samordning av kort/soneinndeling.
- Midlar til trafikksikring må ikkje reduserast.
- Det store behovet for vegvedlikehald tilseier at dei aller fleste føreslegne kutt innanfor veg og infrastruktur kan ikkje gjevast tilslutning.
- Det er nødvendig å avsette tilstrekkeleg med midlar til opprydning av ras og flaum i rasfylket Vestland.
- Omsynet til klima og miljø må ligge til grunn for prioriteringane

Investeringsbudsjettet

Hovudutvalet vil vurdere å forskyve oppstart av nye prosjekt som fell under tunelltryggleiksforskrifta i påvente av statleg kompensasjon.

Posten til «Mindre utbedringer» må aukast slik at vi saman med vår egen vegadministrasjon kan få meir vegutbetring for pengane.

Det er viktig å få avklaring på verknadane av dei signaliserte forbetringane i ferjeavløysingsordninga.»

Sigbjørn Frammes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek saka til vitande.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.
Hammer sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og FNB).
Framnes sitt forslag fekk 6 røyster og fall.

Uttale

Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til presentert opplegg for driftsbudsjett for 2021 og investeringsbudsjett for 2021-2024 og har følgjande uttale:

Hovudutvalet meiner at den årlege statlege fergekompensasjonen (jfr. Kommuneproposisjon) gjer handlingsrom i driftsbudsjettet. Utvalet meiner at følgjande føringar må leggest til grunn for vidare arbeid:

- Ingen takstauke utover prisvekst på buss og bane

- Frekvens på buss/bane fra 2020 til 2021 må aukast jfr. Byvekstavtalen
- Ungdomskortet vert oppretthalde og ein ventar på samordning av kort/soneinndeling.
- Midlar til trafikksikring må ikkje reduserast.
- Det store behovet for vegvedlikehald tilseier at dei aller fleste føreslegne kutt innanfor veg og infrastruktur kan ikkje gjevast tilslutning.
- Det er nødvendig å avsette tilstrekkeleg med midlar til opprydning av ras og flaum i rasfylket Vestland.
- Omsynet til klima og miljø må ligge til grunn for prioriteringane

Investeringsbudsjettet

Hovudutvalet vil vurdere å forskyve oppstart av nye prosjekt som fell under tunelltryggleiksforskrifta i påvente av statleg kompensasjon.

Posten til «Mindre utbedringer» må aukast slik at vi saman med vår egen vegadministrasjon kan få meir vegutbetring for pengane.

Det er viktig å få avklaring på verknadane av dei signaliserte forbetringane i ferjeavløysingsordninga.

PS 60/20 Søknad om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Fv 5582 Gulen vert auka med 5 mill kr til 10 mill kr.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB) som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet viser til at for næringslivet i Vestland er det særleg viktig at sjømattransporten kan kome trygt fram til rett tid. Det er difor svært viktig å fjerne flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på fylkesvegnettet. Fylkesutvalet føreset at Statens Vegvesen må leggje vesentleg vekt på dette i handsaminga av søknaden frå Vestland om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur .
2. Vestland fylkeskommune søker om 69 mill. kr til gjennomføring av tiltak som i hovudsak er breiddeutviding, siktbetring og utbetring av kurvatur fordelt på følgjande strekningar:

Veg	Søknadssum 2020	Søknadssum 2021
Fv. 546 i Austevoll kommune		10 mill. kr.
Fv. 549 i Tysnes kommune	8 mill. kr.	
Fv. 576 i Kvam herad		15 mill. kr
Fv. 560 i Øygarden kommune	10 mill. kr.	
Fv. 570 i Alver og Masfjorden kommune	8 mill. kr.	
Fv. 5582 i Gulen kommune	10 mill. kr.	
Fv. 616 i Bremanger kommune	8 mill. kr.	

3. Fylkesutvalet meiner at det på generelt grunnlag er uheldig og byråkratiserande med denne typar av søknadsordningar med detaljerte krav og korte søknadsfristar. I nye tildelingar bør midlane kunne bli fordelte av fylkeskommunane basert på statlege føringar.

4. For næringslivet er det svært viktig med gode omkøyringsveggar når riksveggar blir stengde. Ved vidareføring av stønadsordninga for fylkesveggar som er viktige for næringslivet, meiner fylkesutvalet at omkøyringsveggar med store framkomstproblem bør prioriterast.

PS 61/20 Søknad frå Boreal AS om ruteløyve for Bergen sentrum

Forslag til innstilling

Søknad av 03.03.20 frå Boreal AS, org.nr 942 962 568, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Søknad av 03.03.20 frå Boreal AS, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert imøtekommen.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag fekk 5 røyster (H og Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H og Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

Søknad av 03.03.20 frå Boreal AS, org.nr 942 962 568, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

PS 62/20 Søknad nr 2 frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum

Forslag til innstilling

Søknad av 04.03.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, vert ikkje imøtekomen.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet er positive til ruteløyve for buss i Bergen.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp og H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (Frp og H).

Innstilling til fylkesutvalet

Søknad av 04.03.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, vert ikkje imøtekomen.

PS 63/20 Søknad frå Fjord1 ASA om ruteløyve for strekninga Kinsarvik/Lofthus - Odda

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gjev Fjord1 ASA, org.nr 983472583, løyve for persontransport i rute mot vederlag med fartøy i rute på strekninga Kinsarvik - Odda med mellomstader etter det opplegget som er skissert i Fjord 1 sin søknad av 23.03.20.

Fylkesutvalet oppmodar Fjord1 til å nytte materiell med mest mogleg miljøvenleg materiell.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Saka vart utsett.

PS 64/20 Søknad frå The Fjords AS om ruteløyve for strekninga Lofthus - Odda

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gjev The Fjords DA, org.nr 914922941, løyve for persontransport i rute mot vederlag med fartøy i rute på strekninga Kinsarvik - Odda med mellomstader etter det opplegget som er skissert i The Fjords sin søknad av 29.05.20.
2. Fylkesutvalet oppmodar The Fjords til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Saka vart utsett.

PS 65/20 Søknad frå VY Buss AS om ruteløyve Bergen - Trondheim

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtar å tildele VY Buss AS, med org. nr. 976 948 394, ruteløyve for persontransport med buss på strekninga *Bergen-Førde-Nordfjordeid-Volda-Ørsta-Moa (Ålesund)-Vestnes-Molde-Bergsøy-Halsa-Trondheim med mellomliggende stopp.*

Det stillast vilkår til ruteløyve som er følgjande:

1. *Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/ frå Bergen Busstasjon.*
2. *Det må gjerast avtale med kollektivterminalane i Møre og Romsdal fylke.*
3. *Det skal kun nyttast godkjente stoppestadar for buss (det skal vere sett opp skilt for busstopp).*
4. *Køyretøy som blir nytta på denne ruta skal vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne bl.a. rullestolbrukarar.*
5. *Ruteløyve kan tilbakekallast dersom brot på gjeldande regelverk.*

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Saka vart utsett.

PS 66/20 Administrativt innsparingsprogram

Forslag til innstilling

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll 09.09.2020 - administrasjonsutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til finansutvalet.

Innstilling til finansutvalet

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

PS 67/20 Prioritering av gjenverande portefølje i Haugalandspakken

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er einig i synspunkta frå Rogaland fylkeskommune om at det er fylkestinget i Rogaland som skal ta avgjerd i saka om prioritering av resterande portefølje i Haugalandspakken.
2. Fylkesutvalet ønskjer ikkje ta stilling til kva for delstrekning som bør prioriterast på fv. 47 Fagerheim-Ekrene, og viser til at styringsgruppa for Haugalandspakken og Rogaland fylkesting bør ta stilling til dette.
3. Det er viktig å få betra kryssingspunktet for mjuke trafikantar ved Rophus rett sør for Ekrene i Sveio kommune, og fylkesutvalet ber om at det vert avsett midlar innanfor dei resterande midlane i pakken til planfri kryssing ved dette punktet.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Per Jarle Valvatne (A) sette på vegner av A, Frp, MDG, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet meiner det er rett å lytte til kva eit fleirtal av kommunane i Hauglandspakken ynskjer å prioritere og grunngjev dette med betydninga av lokal legitimitet til bompengepakken og for å sikre eit godt samarbeid i arbeidet med ny samferdselpakke på Haugalandet som er under utgreiing.
2. Fylkesutvalet stiller seg bak den prioriteringa styringsgruppa i Haugalandspakken allereie har avgjort å låse.
3. Restportefølgjen vert føreslege låst til følgjande prosjekt:

1. Åkra sør/Veakrossen - i følgje saksutgreiing alternativ B: kr 135 mill

2. Ekrene-Vikse: kr. 195 mill.

Sum låste prosjekt er då 330 mill, med ein buffer på totalt 144 mill.

Salhusvegen bør prioriterast fullført av midlar frå buffer etter at øvrige prosjekt i pakken er ferdigstilt.»

Avrøysting

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Valvatne sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner det er rett å lytte til kva eit fleirtal av kommunane i Hauglandspakken ynskjer å prioritere og grunngjev dette med betydninga av lokal legitimitet til bompengepakken og for å sikre eit godt samarbeid i arbeidet med ny samferdselpakke på Haugalandet som er under utgreiing.

2. Fylkesutvalet stiller seg bak den prioriteringa styringsgruppa i Hauglandspakken allereie har avgjort å låse.

3. Restportefølgjen vert føreslege låst til følgjande prosjekt:

1. Åkra sør/Veakrossen - i følgje saksutgreiing alternativ B: kr 135 mill

2. Ekrene-Vikse: kr. 195 mill.

Sum låste prosjekt er då 330 mill, med ein buffer på totalt 144 mill.

Salhusvegen bør prioriterast fullført av midlar frå buffer etter at øvrige prosjekt i pakken er ferdigstilt.

PS 68/20 Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.

4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.